

- **Bør lokalradio få fortsette å sende på FM?**

Ja, absolutt. Det bør vere lov å få halde fram med å sende på FM. På Sunnmøre har vi bygd opp og held ved like vårt eige sendenett i to FM-konsesjonar, og det vert gjort av frivillige. Våre mest trufaste lyttarar, over heile Sunnmøre, lyttar til oss via FM. Grunnen til det er nok mykje for at vi har jobba godt med å få bygd opp eit FM-nett som når lyttarane, i eit terreng der det er vanskeleg. Å skulle få like gode lyttarforhold på DAB, som vi no har på FM, vil ta årevis og millionar av kroner. Noko vi ikkje har råd til, og som svært mange andre enn ein lokalradio på Sunnmøre i tillegg har interesse av å ha. Difor, ynskjer vi å få halde fram på FM på Sunnmøre. Sunnmøringane ynskjer ein lokalradio, og vi er den einaste som når heile Sunnmøre per dags dato som lokalradio.

Når eg høyrer radiofolk snakke om FM og DAB rundt om i landet, så er det ingen som har det heilt som vi på Sunnmøre. Det er særst spesielle lyttarforhold for lyttarane rundt om på Sunnmøre, på grunn av fjordar og fjell. Det er vanskeleg og dyrt å nå alle om ein skal byggje opp eit DAB-nett som vil kunne treffe alle like godt. Vårt FM -nett har vi jobba med på frivillig basis no sidan 1984. Også med det arbeidd opp ei god lyttarskare, som er trufaste lyttarar.

Dette vil gå utover den enkelte lyttar om ein ikkje skal ha muligheit til FM lenger, og muligheita for å kunne ha lokale sendingar frå ein lokalradio på Sunnmøre.

Ein ser jo også at Radio Sunnmøre snart er ein av få radioar som kan kalle seg lokalradio, for lokalradioane blir skvist meir og meir ut dess meir ein går over på DAB. Det vert for dyrt for dei små lokalradioane å gå fullt over på DAB, for lokalradiolyttaren på FM på bygda er ikkje som FM-lyttaren i by.

- **Hvor lenge bør lokalradioene eventuelt få lov til å sende på FM?**

- Vi bør få halde fram på ubestemt tid, igjen på grunn av at det ikkje vil kome til å bli utbygd DAB -nett som når lyttarane like godt som vårt FM nett gjer i dag.

**Til hva slags betingelser bør konsesjonene eventuelt forlenges?**

- Det treng ikkje vere annsleis enn det er per i dag for vår del.

Mvh

Ragnhild Kristine Vartdal Espelund

Dagleg leiar

Radio Sunnmøre

Tlf:41928175